

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUGKulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon - gnr. 351, bnr. 13 m.fl. - Alver  
kommune

Viser til brev dagsett 13.07.2021 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og til vårt brev av 02.08.2021 med varsel om synfaring.

Arkeolog frå Vestland fylkeskommune gjennomførte synfaring i det gjeldande arealet 25.08.2021. Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
fagleiarSigrun Wølstad  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*